




DET·NORSKE·TEATRET

SILKE OG ULLSTOFFER

KÅPER
KJOLER
DRAKTER
PELS



SILKEHUSET

ØVRE SLOTTSGATE 11 OSLO

b 15g 116685

FELLESKJØPET — OSLO



Norges største samvirkeorganisasjon for forsyning
av driftsmidler til jordbruket og dets binæringer

**KRAFTFOR
KUNSTGJØDSEL
SÅVARER
MASKINER
REDSKAPER
SPRØYTEMIDLER
M. M.**

Felleskjøpet gir den største garanti
for beste kvalitet og laveste priser

Studer vårt medlemsblad SAMVIRKE

B L I M E D L E M !

Bønder: Ved å slutte opp om Deres egne organisasjoner
gagner De Deres egne interesser



*Dei tider som kjem vil
krevja samhald meir enn
nokon gong før.*

NORGES BONDELAG

har sidan 1896 vore organisasjonen for dei norske bønder. Mange og store saker er gjennom åra teke opp og løyst til gagn for jordbruksnæringa og dermed heile samfunnet, såvel økonomiske, kulturelle som sosiale saker.

Dersom du har ditt arbeid i bondeyrket, er det sjølsagt at du finn din plass i organisasjonen. Vend deg til næraste krinsmann for å få medlemskapet ordna.

Festframsyning
til minne om Arne Garborg

1851 - 25. januar - 1951

musica

GRAMMOFONPLATER

1851



1951

ARNE GARBORG

SKRIFTIR I SAMLING I—VIII

Utgaven inneholder: I. Bondestentar. Mannfolk. II. Hjaa ho mor. III. Trøtte Mænd. Uforsonlige. IV. Fred. V. Læraren. Den burtkomne Faderen. Heimkomin Son. VI. Haugtussa. I Helheim. VII. Forteljingar. Kvæde. VIII. For seint ute. Kolbotnbrev. Knudaheibrev. Ei Finneferd. 4. utgave. 17 bøker i 8 bind, innb. skinnrygg kr. 120,00. Alle bind kan fås med én gang, og betalingen kan skje i månedlige avdrag.

TANKAR OG UTSYN I—II

Arne Garborgs beste og mest sentrale artikler, i utvalg ved Johs. A. Dale og Rolv Thesen. Pris kr. 32,00; innbundet kr. 38,40.

★

Johs. A. Dale

ARNE GARBORG'S SPRÅK OG STIL

«Ei framifrå velskapt bok, fast oppbygd, godt disponert, meisterleg i kunnskap, bestemt og energisk, beint på sak.» Arne Bergsgård i Nidaros. Pris kr. 12,80.

★

Dr. Rolv Thesen

EIN DIKTAR OG HANS STRID

Arne Garborgs liv og skrifter. Illustrert. Pris kr. 10,70; innbundet kr. 14,40.

ASCHEHOUG



Gud signe Norigs land
kvar heim, kvar dal og strand
kvar lund og lid!
Han lat det aldri døy,
han verje bygd og øy,
han verje mann og møy
til ævleg tid!

Me fekk det høgt og fritt,
me fekk det vent og vidt
med hav og fjell.
Det stend so trygt og godt,
det stend so reint og blått
rett som eit gudeslott
med solskinstjeld.

I kjærleik varm og mild
me legg vår vilje til,
då veks det fram.
Då fær det bløma blidt,
då fær det spyrjast vidt
og alltid standa fritt
for naud og skam.

Her stig det stort og blått,
vårt fagre heimlands slott
med tind og tårn.
Og som det ervdest ned
alt fagrar led for led,
det byggjast skal i fred
åt våre born.

Arne Garborg

*I eit godt samfunn
skal den eine næring vera med
og byggja den andre opp!*

Norsk Bonde- og Småbrukarlag

er fagsamskipnaden for det mindre jordbruk

Røynsla syner at utan fagleg samskipnad får ein ikkje betra sine økonomiske kår.

Norsk jordbrukspolitikk må formast, og verta leidd ut frå omsynet til at 87 % av alle bruk i landet er under 100 dekar.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag hevdar desse bruk sine faglege, økonomiske og sosiale interesser.

Difor: Alle som vil framgang i jordbruket, bli med i den organiserte småbrukarrørsla! Skriv til Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Kr. Augustsgt. 19, Oslo.

Arne Garborg og «Læraren».

Av dr. philos. Rolv Thesen.

Alle som kjenner litt til Arne Garborg, til hans endelause sjølv-ransaking og hans kvilelause strev med å finne løysing på dei største problem, har visseleg ei kjensle av at livet hans var fylt av svære og vanskelege kriser, at det var ein einaste lang og pinefull krossgang.

Soga hans er ei gripande og dramatisk framsyning av stridande krefter i han sjølv, i samfunnet vårt, i den tid han levde i. Han var, som han ein gong sa om Strindberg, det nittande hundreåret i person; heile tankestraumen i hundreåret måtte han gjennomleva og gjennomlide i ungdoms og manndoms år. Og i alderdomen opplevde han verdskrigen, det store samanbrotet som han hadde gått i angst for, og som han hadde spådd om i sine sorgfylte og lidingsfylte dagbøker.

Han var fødd i eit gamalt og heller trygt bondesamfunn — «i siste Slutten av Gamletidi paa Jæren». Og han kunne aldri gløyme dei fyrste, lykkelege barndoms-åra og det barndomsriket han då hadde ått. — Når ein tenkjer på den seinare barndomen hans og alt det vonde han då måtte igjennom — ein kan lesa om det i «Fred» — så kan ein nok forstå at den fyrste, ljose barndoms-tida kom til å stå for han som ein «gullalder», og at det gamle Jæren som han då hadde fått ein skimt av, meir og meir vart det tapte lykkelandet for han, eit Atlantis som gjekk under, men som skein fram i minnet med klårare og sterkare glans etter som tida gjekk.

Sjølv rekna ikkje Garborg seg til dei «gamle» jærbuane. Han hadde vaksi opp i eit «mellombroyte», i ei tid då så mykje nytt trengde seg inn i bondesamfunnet og skipla så mangt. Han reiv seg dessutan i ungdomen laus frå heimbygda, måtte gjera det. Og det vart til livsvarig samvitspine for han. Han hadde broti ut or sitt eige liv, tykte han; og han hadde lidi store tap og vonbrot. Til slutt kjende han seg ikkje heime nokon stad. Det var visseleg mest med tanke på seg sjølv og sin eigen livlagnad han ein gong skreiv desse ord: «Me Bøndar er paa ein serskild Maate bundne til Jordi; riv me oss lause fraa denne Livsgrunnen vaar, fær me alltid ein Stans eller Stur i Vokstren». Han elska dei som hadde vori trufaste mot jorda. Og han hadde ein veldig age og vyrndnad for dei som enno hadde rot i det gamle bondesamfunnet på Jæren.

(Framhald side 11.)

For alle som ønsker friske,
sterke, perlehvite tenner —
vips! — en tube Stomatol!



CARL A. HØYERS STOMATOLFABRIKK A/S

Presangen til alle musikkinteresserte.

«På norsk er ikke tidligere kommet en så rik bok på dette område. Den anbefales alle, både leg og lærd, som vil utvide sitt kjennskap til musikk. Særlig de som er blitt mer eller mindre musikkteoretisk sterile av alle de knusktørre bøker som man måtte være kommet bort i, har her en utmerket anledning til å tilføre sin musikkinteresse ny og oppkvikkende næring.»

K. V. i Farmand.

JON MEDBØE:

OM FORMEN I MUSIKKEN

Utgitt av UNIVERSITETETS STUDENTKONTOR

Bestill boken hos Deres bokhandler i dag!

Til og fra teatret
som over alt ellers

Bilutstyret fra:

ODD ROESTAD

HOLBERGSGATE 7 — TELEFON 330203



Edvard Drabløs

LISI CARÉN mottar elever

Ballet og karakterdans

Barn - Voksne - Begynnere - Viderekomne

Telefon 46 34 08, sikrest kl. 9—12

NATIONEN

Landmandspostens Dagutgave

Hovedorgan for Norges Bondestand



Tordis Maurstad



Gisle Straume

WILHELM BØE

Internasjonal Spedisjon — Tollbehandling
Transport — Lagring — Assurance

Skippergaten 30, Oslo

Telefon 41 45 90 - 42 23 87

Han nemner på sine gamle dagar ein gong ein mann frå ein av grannegardane til Garborg og gjev han det lovordet at han var av «det gode gamle Jærbu-Slage; dei som var arbeidsame og dertil glade». Og han kjenner det slik, at når han kjem saman med denne mannen, så er det det gode gamle Jæren og «det nye og skrale» som møtest.

Med alderen vart Garborg meir og meir teken av det gamle jærske bondelivet. Og han lyfte det fram i skriftene sine, fyrst og fremst i «Haugtussa» og «Knudaheibrev». Det skin stundom fram i dagbøkene hans, som små solskyer på den mørke himmelen der. Og det har visseleg hatt sin innverknad på, eller i alle fall lagt noko av sin dâm over dei draumane han i seinare år drøymde om eit nytt samfunn, eit freds- og brorskapssamfunn, der jorda ikkje var under pengeveldet, men var fri, og der noko av den gamle heimhugen og samhugen mellom folk kunne gro fram att.

Han hata pengemakta — «mammonstrollet». Den var det som hadde teki jorda frå bøndene. Den var det som skapte ufreden og ufridomen i verda. Han forstod at denne makta var farlegare enn noko anna både for vårt land og for heile Europa-kulturen. Det var visseleg si eiga meining han gav uttrykk for då han lét Paulus Høve i «Læraren» seia at «so lengi Mammon raader er Fridomen berre Syttandemai-Stas». Og det var draumen om det gamle, førkapitalistiske bondesamfunnet som fekk han til å forme desse ord i «Læraren»: «Eit rolegt og vent og hyggjelegt Bygde- eller Grendeliv, — eit broderlegt Liv millom Likemennar som held av kvarandre og hjelper kvarandre og liver fredeleg saman utan Lensmennar eller andre Herrar yvi seg, — det er den kristelege Samfundsskikk».

Han — europearen — kjende seg meir og meir framand i vårt moderne Europa, der livet var som «ein bloddraum». Han vart med åra meir og meir nordmann og jærbu. I eit gripande brev skreiv han vel femti år gamal til ein ven på Jæren: «Eg er nok heimlaus paa Jæren med no, — ein burtkomin Son. Men Lyngheiane der burte, og Myrane, og Æane, og Havstrima i Vest og Fjedlo i Aust, og so Lerko og Vibo, og her og der ein Gard som ikkje er for mykje umbygd, — det er daa det som var Heimen min. Og no hev eg dette Kraakereire uppi Berg-Opso (han meiner Knudaheio) so vidt at eg kan fuga derburt av og til og sjaa utyvi den Heimen som ein gong var min. Og her og der finna eit Menneskje som eg kann snakka Jærbumaal med, og som ikkje hev gløymt alle «gamle Dagar». Det er kje so lite det heller».

Trass i all «europeismen» han hadde fari med, var det visseleg fá som var bundne med sterkare band til landet sitt. Og trass i all

LÆRA

Eit spel i 6 bilete av

Sett i scene av Ed

Dekorasjonane av A

Dei som spelar:

Paulus Høve, stud. theol., gardmann
Helga, kona hans
Jens Eide, cand. jur., lensmann
Tore Eide, timbremann og bonde
Lars Nordbraut, gamal «lærar»
Per Aase, gardmann
Gudleik
Carolus Magnus
Ola, dreng hjå Paulus
Evelinde
Tabitha
Ei eldre kone
Maren dokter
Gurina, gjente hjå Paulus
Salomon Storbrekke
Jonas Rudlevig
Auksjonsfolk, brør og systre

Opphald etter 2

Orkesteret: Kapellmei

Musikken til «Læraen»:

Sparre Olsen: Andantino

Sparre Olsen: Andante quasi allegro

A. K. Nielsen: Einsam

Og så - -
går vi på

FRASCATI



AREN

Arne Garborg

vard Drabløs

Arne Walentin

..... Gisle Straume
..... Tordis Maurstad
..... Helge Essmar
..... Alf Ramsøy
..... Kåre Wicklund
..... Amund Rydland
..... Pål Bucher Skjønberg
..... Alf Malland
..... Torbjørn Lein
..... Ada Ørvig
..... Siri Rom
..... Henny Skjønberg
..... Astrid Sommer
..... Else-Marie Toms
..... Øyvind Øyen
..... Trygve Nørve

2. og 4. bilete.

ister A. K. Nielsen.

Otto Valstad: Mot soleglad

etto G. Bizet: Intermezzo



FRASCATI

Et hyggelig sted
Åpent til kl. 1



Helge Essmar



Alf Ramsøy




Pål Bucher Skjønberg



Ada Ørvig



Astrid Sommer



Amund Rydland

HOFFKLEDD
ER VELKLEDD



O.L.HOFF $\frac{A}{S}$

TOSTRUPGÅRDEN

KARL JOHAN 25

NORGES SKOGEIERFORBUND

Stiftet 1913

STORTINGSGATEN 30^{VII} — OSLO

20 tilsluttede salgforeninger med 381 underavdelinger,
33 000 medlemmer. Omsetning: ca. 300 millioner kroner.

PROGRAM OG MÅL:

*Alle skogbrukere i samarbeid
for skogen og skogens folk.*

«SKOGEIEREN»

er landets mest utbredte skogbrukstidsskrift. Opplag 32 400.

Utkommer hver 15. i hver måned.

Abonnementspris: Medl. kr. 2,00 pr. år.

Andre » 7,00 » »

«heimløysa» han kjende kvar han kom, hadde han djupe og sterke røter i dette folket og dette landet, djupare og sterkare røter enn han kanskje sjølv visste eller ville vera ved.

Fyrste gongen han var i Italia og opplevde all den rike gamle kunsten der, kunne han ikkje — som så mange andre — med ein gong gje seg hugheilt over til det han såg og berre nyte det. Han kunne ikkje bli kvitt tanken på sitt eige land. All rikdomen her vekte fyrst og fremst minne om den norske fattigdomen. Og han sa med seg sjølv: «Gud hjelpe oss som me er fatige!» Han kunne aldri leggje dei norske problema frå seg; han *måtte* tumble med dei. Den skuldkjensla han bar i sitt hjarta, og som med alderen vart meir og meir medviten hjå han, den gjorde visseleg sitt til at han vart den smålåtne og sjølvgløymande mannen, som lite kravde for sin eigen part, og at han vart den sosiale og nasjonale diktaren, vaktmannen i vårt kulturliv.

Ved Arne Garborgs kiste sa Arnulf Øverland: «Han kalte på alt som var norsk i oss, og han skal få svar.» Mange har kjent det slik. Fleire og fleire vil kjenne det slik. Han var trufast mot alt som vårt var. Og han vart vår strengaste læremeister i norskdom.

Men han var òg den strenge og farlege samvits-uroaren i reint menneskelege ting, mannen som aldri gav fred. Derfor kunne Gunnar Heiberg sende han denne helsinga på 60-årsdagen hans: «Har du nasjonalt været den aabenbare fører for mange, saa har du for mange været noget af en usynlig og ikke helt behagelig samvittighed.»

Det var det strenge sanningskravet hjå Garborg som gjorde at han for mange har vori denne «usynlige og ikke helt behagelige samvittighed». Midt i den religiøse krisa han gjennomlevde i ungdommen, hadde han til slutt sagt til seg sjølv: «Sandheden, sandheden, om den så skal føre til helvede!» Og seinare var han i bok etter bok den strenge sanningskrevjaren som fekk folk til å tvile på mange av sine hyggelege og trygge meiningar.


Strengast, mest nådelaus var han kanskje i «Læraren». Det er visseleg hans *mektigaste* verk. Det høyrer jamsides «Brand» og «Over Ævne I» til det sterkaste som er skapt i norsk religiøs dikting, til dei verk som generasjon etter generasjon vil bli uroa av. Alle tre verk tek opp problemet om kva verd og makt og mening det er i kristendomen. — Kva for eit er størst? Ja, det kan vi stridast om. Men *ein* ting er tydeleg: at Garborg i «Læraren» tek problemet meir praktisk enn Ibsen gjer det i «Brand» og Bjørnson i «Over Ævne I».



*Slakterisamvirket er under
utbygning over hele landet
Gå med når spørsmålet
kommer til deg!*

NORGES KJØTT- OG FLESKESENTRAL


JERNVARER



TLF.
41 36 66

ETABL.
1868

C-FROGNER AS
STORGATEN 5 · OSLO



Siri Rom



Alf Malland

Sportsutstyr

kjøper De best og billigast hjå

*Bjørndalens
Sportsforretning*

Markvn. 58, Oslo Tlf. 37 00 69

Malerier med og uten rammer
Rammer - Film - Kopier
Forstørrelser - Farvelegg
Vindusglass - Reklameinnramming
Kort leveringstid. Rimelige priser

**Lillettervets
Kunst og Rammeforretning**

Inneh. J. Christoffersen
Lillettervet 1 - Telefon 41 06 55

(Framhald frå side 17.)

Paulus Høve er ingen fantast eller svermar. Han vil prøve kristendomen midt i kvardagen. Han formår kristendomskravet individuelt: Alle har ikkje same oppgåve i livet; det blir ikkje kravd same offer av alle.

Religion har for meg vorti arbeidskrav, skreiv Garborg ein gong. Det same kunne Paulus Høve ha sagt. Han har vaksi seg bort frå pietismen. Han er ein livsfrisk, modig og viljesterk mann. Han vanvyrder ikkje livet, han vil berre ha skikk på det. Det gjeld at *menneskja* rår over verda og alle hennar «huldrehåttar», at det er herre over dei og ikkje slave under dei. «Inst inne er Mannen Aand.»

Det er — her som i «Haugtussa» — ei sterk tru på mennesket, på evna hjå mennesket til å lyfte seg opp or verdsleg trældom til åndsheimen, gudsriket. Det er denne mennesketru, denne tiltru til menneskja, vi møter i desse ord av Paulus Høve: «Ein Kristin liver ikkje etter Reglar. Han liver etter Guds vilje; utan Tvang og Tilskaping liver han etter sin nye Hug, som ikkje er anna enn hans medfødde Menneskjehug, lyft og reinska for alle Huldre-Haattar». Det er gjerningane Paulus Høve spør etter. For *han* er kristendom ikke fyrst og fremst anger og tukling med syndene, men det er å hjelpe sin neste. Han er streng i sine krav. Men han er strengast mot seg sjølv.

Garborg seier ein stad at i «Læraren» og «Den burtkomne Faderen» har han lagt fram det gode grunnlaget som han trur folket eig, og som han har kjent ikkje lite til i seg sjølv i sine beste stunder. Paulus Høve var i all løynd hans draum, hans ideal. «Eit slikt Liv skulde eg livt. Daa hadde eg vori heilvaksin sjølv med; daa hadde eg funni Meining i Tilvære mitt.» Ja, han undrast på om han ikkje kunne vori som Paulus Høve på lag dersom han hadde fått ein friare vokster. Og han legg til: «Gjennom Paal fær eg daa segja det eg tykkjest hava lært, denne Jesus-Tanken som ser ut som eit Paradoks, men inneheld den Sanning me kan finne: at ein vinn Live naar ein ofrar det. Det er ei Sanning som faae skynar og færre kann gjera til Liv. Men di lenger me kjem burt fraa ho, di meir vert Livet berre Daude.»

«Læraren» kom ut i 1896. Men det vart ikkje spela før Det Norske Teatret kom i gang. Garborg ville ikkje setja det om til bokmål — «mindre af maalske end af kunstneriske Grunde», skreiv han. Menneska i stykket ville, om dei vart innførde i talemålet til eit anna miljø, bli så usanne at han trudde ikkje at han ville kjenne dei att. Han meinte det *mätte* spelast på nynorsk. «Indtil da faar Stykket nøie sig med at blive spillet paa den Privatscene, som

(Framhald side 22.)

Er livstrygdinga stor nok?

GJENSIDIGE

Eldste livstrygde- og livrentelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johansgate 16, Oslo

Trygdetakarane sjølve eig laget.



På kjøretøyet skal godtfolk
kjennes. — og alle er like
velkommen til

K.N.A
restauranter

Olav Sevelands

elegante dansesalong
Drammensvn. 64

Spesielt innredet for større og
mindre privatpartier — inntil
20 par.

Privattimer - Telf. 44 16 16 - 41 26 87



Begynn i tide med

JORDAN'S
NORSKE
TANNBØRSTER

Besøk

Excelsior

SKOTØIMAGASIN

19 GRENSEN 19

ETABL. 1910

er bygget indenfor hver enkelt Læsers Pandehvælv. Det er ikke så daarlig Scene det i Grunden.»

Han opplevde å sjå «Læraren» på Det Norske Teatret, fyrst i 1914 med Rasmus Rasmussen i hovudrolla, så i 1921 med Amund Rydland i hovudrolla. — Då han — i januar 1914 — hadde sett fyrste samanhangande prøva på «Læraren», tykte han at det såg «ikkje verst» ut. Men han ottast at stykket ville få både prestane og lekprestane imot seg, og at landsbygdene ville bli vitskræmde når det lyddest at teatret skulle spela «noko så ugudeleg» som Læraren.

I 1906 skreiv Halvdan Koht: «Den dagen norske skodespelarar spelar Læraren og spelar det godt, den dagen gjev vigle til ei ny spelkunst i Noreg — ei spelkunst med trygt feste i heilnorsk mål.» Den 13. januar 1914 kom denne dagen. Teatret makta oppgåva. Det var ei god framsyning. Det slo kritikken fast, endå han no, liksom då stykket kom ut, peika på lyte ved det. Sigurd Bødtker kalla det «en fængslende roman i dialogform». Men Helge Krog skreiv at på sin måte var stykket «et av verdenslitteraturens dristigste digterverker», — at det «fortæller os ganske likefrem, at det første Kristus vilde gjøre, om han nu kom tilbake, var at nedsænke alverdens statskirker paa havets bund».

Garborg tykte at spelet var godt. Han gledde seg svært over at stykket kom opp. Og ikkje minst gledde han seg over, at då teatret var på turné om våren, fylte stykket hus etter hus «i sjølve det rett-truande Stavanger». Frå «det syndetyngde Jæren» kom det eit heilt ekstratog til teatret. Og han ynskte at stykket måtte bli folket hans der borte til litegrann til hjelp.

Om Rasmus Rasmussen i hovudrolla skreiv Garborg i eit brev at han gjorde Paulus Høve «noko for mjuk og lyrisk», men at dette var nok godt for teatret, — «den rette, revolusjonært kristelige Paal Hove hadde knapt dregi so mykje Hus». Paulus vart «tekkelegare» enn han skulle vera og det syrgjelege i stykket mykje mindre uhyggeleg. Om Rydland derimot skreiv han i 1921 at han var det Paulus Høve fyrst og fremst skulle vera: «*Viljemenneske, den heile Karakteren.*»

Rolv Thesen.

Det Norske Teatret har spela «Læraren» i Oslo i 1914, 1921, 1927, 1938, 1943 og 1948. Elles fleire gonger på spel-ferd over heile landet frå Kristiansand til Tromsø og i Göteborg utanfor landet.

Fornuftig vedlikehold er lønsamt,
og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg.

Eg har fyrebils einesalet av den mønsterverna TO-taburetten.



Målarmeister

A. DOLVE

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55



Henny Skjønberg



Øyvind Øyen

SKIPA



1921

OSLO NYE SPAREBANK

Rosenkrantz gate 9

Eit norskt Teater.

Lenge var Teatre vaart heilt danskt; etterkvart fekk det Mod til aa tala Bergens- og sistpaa jamvel Kristiania-Danskt; no hev endeleg Tanken um eit norskt Teater vakna.

I fullt Aalvor vaknar denne Tanken; og det skulde visst ikkje vera for tidlegt. Det er snart 100 Aar sidan Lande vart «fritt», og ikring ein Mannsalder sidan Norskt vart jamstelt med Danskt; og skal det Norske *vinne* denne Jamhøgdi, i Live og ikkje berre i Lovi, so maa det faa Rom, ikkje berre i Bokheimen, Skulen, Kyrkja, Embættskontore, men — ikkje minst — paa Spel-Tile.

Alle Maal treng Finsliping og Dyrking gjenom Talekunst. Ikkje minst gjeld dette i vaar Tid, daa den gamle Samtalekunsten gjeng i Gløyme meir og meir, so at me snart fekk berre Slurv og Jask: Gatemaal og Avismaal, um me ikkje hadde ein Skule i Samtalekunst: Teatre. Eit norskt Teater vil dessutan lære Folk den Ting, at Norskt *ikkje* er «Papirmaal», som mange Bykontoristar enno trur. At det etterkvart vil skapa ei norsk Speldikting kann det like eins vera verdt aa nemne.

No hev det laga seg so, at um me norske samlar oss og tek eit Tak, so kann me faa i Gang eit lite, norskt Teater alt til Hausten.

Mannen hev me; den landskjende Kunstnaren og Songaren, Sko-despelar *R. Rasmussen* er viljug til aa taka Styre. Og med si lange Teater-Røynsle og sitt greie og gode Lag vil han nettupp vera Mannen til det Grunnleggjings-arbeide det her spørst um.

Innbod til Lót-teikning er i desse Dagarne sendt ut. Det skulde vori ute fyrr, men vart seinka; so no gjeld det aa *gaa paa*, skal me koma nokon Veg. Og me norske kann «gaa paa». Jamvel store Ting kann me greie so «med eit Skippertak», er me fyrst komne so langt at me veit me vil. So langt er me i denne Saki komne, trur eg. Og det um me aldri so vel veit, at eit Teater er meir og vil koste anna til Pengar enn eit Spellag.

Lat daa staa til; lat oss grunnleggje det norske Teatre! Grunnleggje det no, so det kann samle oss til norsk-historisk fest den 17de Mai 1914!

Arne Garborg.

Denne artikkelen stod i «Dagbladet»
15. juli 1912 og i «Den 17de Mai» 16. juli 1912.

Det Norske Teatrets reklame arrangeres av Repress Reklamebyrå.

FORRETNINGSFOLK og andre som vil ha prentesakene sine på norsk vender seg til:

JOHANSEN & NIELSEN BOKTRYKKERI

Pilestredet 45 b, Oslo - Telefon: 46 14 93, 46 26 92 og 46 75 42



Starlet skumbad

er en amerikansk nyhet som gjør et ordinært bad til en behagelig opplevelse. STARLET utvikler et skylett skum, og de tusener småbobler som uavlatelig brister mot huden gjør at De føler Dem oppkvikket, stimulert og forynget. Prøv STARLET neste gang De bader! Føres av alle ledende parfymier.

Eneforhandler:

C. G. BJØRNQVIST & CO. — OSLO



Magasin
du Nord^{as}
OSLO